



**DET KONGELIGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT**

Høyringsnotat av 11. juni 2012

Vilkår for omsetning av torsk frå fritidsfiske

Forslag til endringar i forskrift av 26. februar 2010 nr. 252 om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med ikke-merkeregistrerte fartøy eller fra land



Høyringsfrist 3. september 2012

1	BAKGRUNN	3
2	VURDERINGAR OG ENDRINGSFORSLAG	3
2.1	Gjeldande avgrensingar	3
2.2	Krav til registrering av fritidsfartøy ved omsetning av torsk	4
2.3	Aldersgrense for omsetning av torsk.....	4
2.4	Endra omsetningsgrense for torsk i fritidsfisket	5
2.5	Oppheving av fiskeforbod i periodar med fiskestopp	5
2.6	Oppsummering av forslaga	6
3	ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSAER.....	6
4	FORSLAG TIL FORSKRIFTSENDRING.....	6

1 Bakgrunn

Føresegnene i havressurslova om reiskapsavgrensing og omsetningsgrense for fartøy som ikkje er innført i Merkeregisteret (over merkepliktige norske fiskefartøy) gjeld per fartøy, i tillegg til at avgrensingane gjeld per person (om han nyttar fleire fartøy). I prinsippet gjeld tilsvarande for omsetningsgrensa for torsk i fritidsfisket i *forskrift om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med ikke-merkeregistrerte fartøy eller fra land*.

Det er ikkje etablert noka ordning eller nokon praksis for å identifisere på sluttsetelen kva for fritidsfartøy som landar torsk for omsetning. Fangstane har difor berre vorte registrerte på dei enkelte fritidsfiskarane, noko som inneber store kontrollutfordringar. Til dømes er det påfallande mange yrkesfiskarar som har "flinke" fritidsfiskarar i familien sin. Det er mellom anna registrert store fangstar tett opp mot omsetningsgrensa på barn ned i 7-8 års alder, der far er eigar av merkeregistrert fiskefartøy. Slike landingar ser ut til å ha størst omfang når kvotesituasjonen i næringa er knapp. Med romslege torskekvotar er det mindre omsetning av torsk frå fritidsfiske. Fiskeridirektoratet har peika på denne problemstillinga og kontrollutfordringane fleire gonger, og i 2011 fekk dette mykje omtale i fiskeripressa.

Folket på kysten har lange tradisjonar for å kunne fiske litt torsk for omsetning, utan at ein er fiskar av yrke. Slikt fritidsfiske kan vere positivt ved at det medverkar til auka trivsel og aktivitet i mange små kystsamfunn. Det er uheldig dersom retten til å omsetje torsk i fritidsfisket blir utnytta av kommersielle aktørar, gjennom at fangst fiska med merkeregistrerte fartøy blir omskriven til fritidsfangst fiska av familiemedlemmer. Dette vil mellom anna kunne føre til ei unødige stram omsetningsgrense i fritidsfisket.

Det ser ut til å vere behov for å sikre at omsetningsgrensa for torsk i forskrifta blir knytt til reelt fritidsfiske, og at avgrensinga per fartøy blir halden. Dette er utgangspunktet for denne høyringa. Samtidig blir andre endringar i tilknytning til omsetning av torsk i fritidsfisket vurderte, mellom anna ein auke av omsetningsgrensa. Departementet sine forslag til endringar går fram av pkt. 2 i notatet. Under pkt. 3 blir administrative og økonomiske konsekvensar av forslaga vurderte, medan forslag til forskriftsendring går fram av pkt. 4.

2 Vurderingar og endringsforslag

2.1 Gjeldande avgrensingar

Etter § 2 i forskrift av 26. februar 2010 nr. 252 *om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med ikke-merkeregistrerte fartøy eller fra land* gjeld følgjande avgrensingar ved fiske etter torsk:

Det kan maksimalt landes 1000 kg torsk rund vekt per kalenderår for omsetning.

Kvantumet på 1000 kg torsk rund vekt gjelder samlet for all torsk fisket sør og nord for 62°N.

Ved fiske etter torsk er det ikke tillatt å nytte garn med en samlet lengde på mer enn 165 meter. Dette gjelder også når samme person eller de samme personene nytter flere fartøy.

Det er også relevant å referere § 23 i havressurslova om omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske, som lyder:

Ein person eller eit føretak kan per kalenderår ikkje omsetje fangst som er teken med fartøy som ikkje er merkeregistrert, eller frå land, for meir enn den summen som er fastsett i lov av 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) § 28 første ledd første punktum. Denne grensa gjeld sjølv om fleire personar eller føretak omset fangst som er hausta med det same fartøyet. Den som eig merkeregistrert fartøy, kan likevel ikkje omsetje slik fangst av fiskeslag som han er tildelt kvote for etter § 12.

2.2 Krav til registrering av fritidsfartøy ved omsetning av torsk

Manglande identifisering av fartøy som blir nytta til fritidsfiske for omsetning, inneber at det er svært vanskeleg å kontrollere at avgrensinga per fartøy blir halden, i tillegg til at det er vanskeleg å kontrollere at fisk som blir registrert som fritidsfangst reelt sett er fiska og landa med fritidsfartøy.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner det er behov for at det ved omsetning av torsk frå fritidsfiske, blir registrert på sluttsetel kva for konkret fartøy som har fiska/landa fangsten, for å sikre kontroll med at grensa lova set ikkje blir overskriden. Dette kan truleg enklast gjerast ved å stille krav om registrering i Småbåtregisteret hos Redningsselskapet, sidan dette er eit etablert register. Det kostar i dag kr 400,- for nyregistrering i dette registeret, deretter kr 200,- i årsgebyr.

Salslaga vil kunne leggje inn sperrer i sluttsetelsystemet som hindrar utbetaling ved eventuell overskriding av omsetningsgrensa for torsk, både på fartøy- og på personnivå.

Departementet har ikkje kjennskap til at det blir omsett torsk frå fritidsfiske som føregår frå land, utan bruk av fartøy.

2.3 Aldersgrense for omsetning av torsk

Talmateriale frå Norges Råfisklag viser at det i perioden frå januar til oktober 2011 vart levert 65 tonn torsk (814 setlar) til ein samla verdi av 1,1 millionar kroner frå totalt 151 personar under 16 år. Av desse vart det levert 9 tonn torsk (116 setlar) til ein verdi av 119 000 kroner, av 26 personar under 12 år.

Enkelte har fremma forslag om ei nedre aldersgrense for omsetning av torsk i fritidsfisket. Men ei slik aldersgrense vil utelukke mange driftige fritidsfiskarar, og kunne svekke rekrutteringa til fiskaryrket. Departementet meiner at med eit krav om registrering av fritidsfartøy for omsetning av torsk, vil kontrollmoglegheitene bli så gode at problemet med omskriving av fangstar på barn sannsynlegvis vil bli nokså lite. Vi kan derfor ikkje sjå at det vil være behov for ei slik nedre aldersgrense, men vi ber om høyringsinstansanes vurdering av dette spørsmålet.

2.4 Endra omsetningsgrense for torsk i fritidsfisket

Fiskeri- og kystdepartementet har mottatte mange innspel om at dagens omsetningsgrense er for stram. Som nemnt innleiingsvis har folk på kysten lange tradisjonar for å fiske litt torsk for omsetning, sjølv om ein ikkje er fiskar av yrke. Dette kan ha mykje å seie for små kystsamfunn.

Fritidsfiskarar kan i medhald av havressurslova § 23 omsetje fisk for inntil kr 50 000,- per år. Den særskilte kvantumsavgrensinga for omsetning av torsk frå fritidsfiske vart innført som ein del av reguleringstiltaka for kysttorsk. Fangststatistikken viser likevel at omsetninga av torsk frå fritidsfiske i hovudsak skjer under den ordinære sesongen om vinteren/våren, og at dette fisket neppe utgjør eit spesielt press på kysttorsk.

Departementet meiner at innføring av krav til registrering av fartøy for omsetning av torsk i fritidsfisket (pkt. 2.2) vil gje rom for å auke omsetningsgrensa. Kvantumsgrensa var 2000 kg i åra 2005 - 2010, men vart reduserte til berre 1000 kg i 2011.

Departementet foreslår å endre kvantumsgrensa for torsk frå 1000 til 2000 kg.

2.5 Oppheving av fiskeforbod i periodar med fiskestopp

Etter § 3 i forskrift av 26. februar 2010 nr. 252 om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med ikke-merkeregistrerte fartøy eller fra land gjeld følgjande:

Det er forbudt å drive fiske for omsetning i den tiden det er fastsatt fiskestopp for ervervsmessig fiske med tilsvarende redskap.

Forbudet i første ledd er ikke til hinder for fiske til egen husholdnings behov for fisk til konsum og agn.

Fiskeridirektoratets regionkontor kan gi tillatelse til omsetning fra større arrangementer hvor fangst av fisk er det vesentlige element.

For fisket etter torsk må ein sjå gjeldande forbod i § 3 første ledd i lys av at det tidlegare var vanleg med ein fiskestopp i påska. I større grad enn tidlegare blir yrkesfiskarane sine kvotar no fastsette som fartøykvotar, med eventuelt maksimalkvotetillegg. Ein stopp inneber ikkje at fiskeriet sluttar, men at den enkelte må halde seg innanfor garantert kvantum. Vidare kan ein stopp gjelde éi fartøygruppe, men ikkje ei anna. For torsk blir det dessutan sett av et særskilt kvantum som skal dekkje omsetning i fritidsfisket. Det er såleis ikkje lenger same kvotekopling mellom yrkesfisket og fritidsfisket som tidlegare. I praksis har også fritidsfiskarane fått halde fram med fisket, sjølv om enkelte reguleringsgrupper har hatt stopp i torskefisket. Det synest såleis å vere behov for å revurdere denne føresegna.

Ved fastsetjing av eventuelle forskrifter om periode- og/eller områderegulering for ervervsmessig fiske, vil også avgrensingar i fritidsfiske for omsetning kunne regulerast gjennom same forskrifter.

På bakgrunn av ovannemnde foreslår departementet at gjeldande § 3 går ut.

2.6 Oppsummering av forslaga

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at:

- det blir innført krav om registrering av fartøy for omsetning av torsk frå fritidsfiske
- det ikkje innførast nokon nedre aldersgrense for omsetning av fritidsfanga torsk, men departementet ønskjer høyringsinstansanes vurdering av dette
- kvantumsgrensa for torsk til omsetning blir sett til 2000 kg
- oppheving av forskriftas § 3 om fiskeforbod i periodar med fiskestopp

3 Administrative og økonomiske konsekvensar

Forslaga til forskriftsendring i dette høyringsnotatet er primært meint å sikre at omsetningsgrensa for torsk blir avgrensa til reelt fritidsfiske, gjennom krav til registrering som gjer det mogleg med kontroll av dette. Samtidig sikrar ein at avgrensinga per fartøy blir halden. Redningsselskapet sitt småbåtregister er eit etablert register, og eit registreringskrav slik det blir foreslått krev ingen spesielle tilpassingar i dette registeret. Vi kan heller ikkje sjå at det vil vere behov for tilpassingar i sluttsetelsystemet til salslaga.

Når det gjeld kostnadene for registrering i Småbåtregisteret er dei relativt små, jf. pkt. 2.2. ovanfor. Ein auke av omsetningsgrensa som foreslått vil utgjere ein vesentleg større meirverdi for den enkelte.

Ingen fiskefartøy vil få redusert torskekvoten sin i 2012 som følge av at omsetningsgrensa for fritidsfanga torsk blir auka som foreslått. Heller ikkje på sikt ventar vi at ei slik omsetningsgrense får utilsikta konsekvensar for andre grupper som fiskar torsk. Derimot ventar vi at ei høgre omsetningsgrense som foreslått får positive distrikts- og regionalpolitiske verknader, gjennom auka trivsel og aktivitet i små kystsamfunn.

Departementet kan elles ikkje sjå at forskriftsendringar som foreslått i dette høyringsnotatet vil få negative miljøkonsekvensar eller særskilte konsekvensar for det samiske folk og samisk kultur.

4 Forslag til forskriftsendring

Forskrift om endring av forskrift om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med ikke-merkeregistrerte fartøy eller fra land

Fiskeri- og kystdepartementet har den 2012 med hjemmel i lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar §§ 12, 16 og 22 fastsatt følgende forskrift:

I Fiskeri- og kystdepartementets forskrift av 26. februar 2010 nr. 252 om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med ikke-merkeregistrerte fartøy eller fra land, gjøres følgende endring:

Tittel (endret) skal lyde:

Forskrift om begrensninger i fisket etter torsk, rognkjeks, makrell og kongekrabbe med *fartøy som ikke er innført i register over merkepliktige norske fiskefartøy (merkeregisteret)* eller fra land

§ 1 (endret) skal lyde:

Denne forskriften gjelder for fiske med fartøy som ikke er *innført i register over merkepliktige norske fiskefartøy (merkeregisteret)* og for fiske fra land.

§ 2 første og annet ledd (endret) skal lyde:

§ 2 Omsetningsgrense, *registreringskrav* og garnbegrensning ved fiske etter torsk

Det er forbudt å fiske torsk for omsetning. Personer kan likevel fiske og lande opptil 2000 kg torsk rund vekt per kalenderår for omsetning med fartøy registrert i Småbåtregisteret hos Redningsselskapet. Fartøyets registreringsmerke skal være påført godt synlig og tydelig på begge sider av fartøyet og skal føres på sluttseddelen ved omsetning. Adgangen til å fiske torsk for omsetning gjelder ikke for personer som direkte eller indirekte gjennom foretak er eier eller medeier av fiskefartøy som er tildelt torskevotet etter havressurslova § 12.

Begrensningen på 2000 kg torsk rund vekt gjelder både per fartøy og per person, og gjelder samlet for all torsk sør og nord for 62° N.

§ 3 oppheves.

Nåværende §§ 4, 5, 6, 7 og 8 blir nye §§ 3, 4, 5, 6 og 7

II

Denne forskriften trer i kraft en uke etter at den er vedtatt.